

Vanskeleg å få tilbake flyskatten

(NPK): Får du ikkje brukt flybilletten din, har du krav på å få tilbake flyskatten. Men det kan vere lettare sagt enn gjort.

Hos Ryanair kan det faktisk koste meir enn flyskatten å få pengane tilbake. Det er langt lettare å få refundert skatten hos Norwegian, viser ein test som Forbrukarrådet har gjort.

Forbrukarrådet testa ut kor lett det er å få betalt tilbake flyskatten på unytta billetter hos lågprisselskapa Norwegian, Ryanair og det no konkursråka Sterling.

- Passasjerar har krav på å få tilbake flyskatten på unytta billetter, men ein må sjølv kontakte selskapa, for det går ikkje automatisk, seier jurist Elise Korsvik hos Forbrukarrådet.

Etter mange, dyre telefonar vart gebyret som Ryanair tok for å refundere skatten, større enn sjølve skatten på 185 kroner på ein lågprisbillett frå Torp til Birmingham. Billetten var opphavleg prisa til 179 kroner, men kosta 396 kroner i alt - inkludert skatt og Ryanairs passasjergebyr på 30 kroner. Etter mykje om og men var det altså ikkje råd å få tilbake éi krone hos det irske lågprisselskapet.

Hos Norwegian fann Forbrukarrådet raskt fram til ei eiga e-postadresse for refusjon på heimesidene til selskapet, og alt dagen etter svarte Norwegian at skatten ville bli overført om nokre dagar. Her fekk Forbrukarrådet tilbake 97 kroner i skatt på ein unytta billett frå Oslo til Kristiansand som kosta 302 kroner.

Hos Sterling var prosessen langt meir omstendeleg, og det tok tre veker å få behandla refusjonskravet.

- Selskapa skal eigentleg refundere flyskatten gratis. Eg har inntrykk av at dei norske selskapa gjer det, men at utlandske selskapa som Ryanair tek seg betalt. Ei rettsak har gitt selskapet medhald i at dei kan ta gebyr, seier Korsvik.

Storsatsing på geofag i skulen

(NPK): StatoilHydro har gjeve 10,8 millionar kroner til å styrkje det nye geofaget i vidaregåande skule.


Det nasjonale senteret for naturfag i skolen, Naturfagsenteret ved Universitetet i Oslo, skal disponere pengane gjennom det femårige Geoprogrammet.

Statsråd Tora Aasland seier til bladet Utdanning at ho trur denne satsinga på geofaget vil kunne auka interessa for realfag generelt blant ungdommen.

- Å levandegjera undervisninga slik geoprogrammet legger opp til, vil eg rett og slett karakterisere som «steinbra» undervisning. Vi treng fleire realistar for å utvikle Noreg til ein kunnskapsnasjon, sa Aasland til Utdanning.

Seminar om tilknytingsforstyrning:

Spennande tema engasjerte mange



* Joachim Haarklou brukte både dukker og gode eksempel i sitt føredrag til eit fullsett auditorium.

Barne- og Ungdomspsykiatrisk teneste i Volda og Pedagogisk/Psykologisk teneste Volda/Ørsta arrangerte måndag eit dagsseminar med psykologspesialist Joachim Haarklou. Seminaret retta seg mot alle som arbeider med born og unge med tilknytingsforstyrningar.

Joachim Haarklou kjem frå Hisøy Psykologsenter og har lang erfaring innanfor temaet. Nærare 170 deltakarar var påmeldt, og interessa for seminaret var så stor at arrangøren måtte avvise dei som melde seg på for seint.

- Dei påmeldte kjem frå til dømes barnevernstenesta, helsestasjonar og barnehagar. I tillegg var dette seminaret ope for fosterforeldre, forklarar Anne Marit Øye Åshamar, ein av arrangørane. Ho fortel vidare at tilknytningforstyrningar er ein problematikk som har blitt meir og meir tydeleg den seinare tid. Tilknytningforstyrningar kan oppstå når born og unge vert utsett for omsorgssvikt, eller til dømes mister den eine eller begge foreldra.

Tre etasjer

- Tilknytingsforstyrningar fins til dømes hjå adoptivborn eller ungar i fosterheim, og kjem mellom anna av at dei ikkje har fått god nok omsorg i heimen. Vi kan òg sjå døme på tilknytingsforstyrningar hjå born som veks opp med egne foreldre, forklarar Haarklou. Han har arbeidd mykje med temaet, og presenterte mellom anna sin utviklingspsykologiske teori der born utviklar seg som eit hus i tre etasjer. Den underste etasjen står for emosjonell utvikling, som skjer i 0-2 års alderen heime hjå mor. Andre etasje står for sosial utvikling, som dreier seg om perioden 3-5 år og barnehagestart, og den tredje og siste etasje

går på kognitiv utvikling frå skulestart i seksårsalderen. Ei tilknytingsforstyrning er ein skade i den fyrste etasjen, altså ei tidleg kjenslemessig skade.

- Eit hus med skadd grunnmur står ustøtt, understreka han.

Til ettertanke:

Du må ha fått for å kunne gi – og du gir det du har fått:
Born som får mykje kritikk, lærer seg å fordømme
Born som får oppleve fiendskap, lærer seg å slåss
Born som vert gjort til latter, utviklar blygheit
Born som stadig får oppleve skam, lærer å kjenne seg skyldig

Born som vert behandla med toleranse, lærer seg tolmod
Born som får oppmuntring, lærer fortuligheit
Born som får ros, lærer seg å sette pris på ting
Born som får oppleve ærleg spel, lærer seg rettferd
Born som vert akseptert og møtt med vennskap, lærer seg å kjenne kjærleik i verda

(Joachim Haarklou)

Må gi tryggleiken tilbake

Haarklou tok føre seg kva som kan gå galt, og korleis ein som utanforstående omsorgsperson kan hjelpe barnet tilbake på rett kjøl. Det kan ta lang tid å rette opp skader som skjedde i tidleg barndom, og Haarklou har som tommelfingerregel at eit barn skal vere saman med ny omsorgsperson dobbelt så lenge som den alderen barnet har ved ankomst.

- Får du ein toåring i fosterheim, bør dette barnet vere saman med deg i fire år, før det skal i barnehage. Dette for å prøve å reparere skaden som har skjedd. Eg stiller meg positiv til utsett skulestart for slike born, seier han. Dersom barnet ikkje kjenner seg trygg i starten av livet, vil det gå gjennom heile livet på jakt etter denne tryggleiken i ei eller anna form. Haarklou understrekar at ikkje alle adoptiv- eller fosterborn får eller har tilknytingsforstyrning, men at desse utgjer ei risikogrupper i det psykiske helsevernet.



* Anne Marit Øye Åshamar, Joachim Haarklou, Tone Hoggen Foldal og Kari Standal i auditoriet på Porse.

✉ LIV JORUNN NYHAGEN